



## Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2022/1233-1

Saksbehandlar: Unnvald Bakke

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2022/16	19.10.2022	Hovedutval for helse, oppvekst, omsorg og kultur
2022/87	15.11.2022	Formannskap

## Sfo - vedtekter for Skjåk kommune

### Vedlegg

- 1 Skjåk kommune - vedtekter SFO, forslag til høyring

### Saksutgreiing

SFO – ordning vart etabler ved skulane i Skjåk i 1997. Det vart då utarbeida "Prinsipp og retningsliner for SFO-ordninga" same år. Desse vart evaluert og revidert i 2007.

Det blir no lagt fram forslag til nye vedtekter for SFO.

Kommunedirektøren foreslår at desse blir sendt ut til foreldre i SFO og FAU på høyring.

### Vurdering

Det er skjedd viktige endringar i SFO dei siste åra.

Bruken av SFO har auka betydeleg. SFO nyttar no andre lokale i tillegg, og aktiviteten innomhus må gjennomførast på annan måte en før.

Det er fleire endringar frå sentralt hald.

- Nasjonal rammeplan for SFO, sist revidert 2021.
- Foreldrebetaling avgrensa til 6% a hushaldet si inntekt.
- 12 timars gratis SFO for 1. lassingar.
- Krav om politiattest for tilsette

Forslaget til dei nye vedtektene tek opp i seg dei endringar som gjeldande for SFO- ordninga.

Det er i tillegg lagt til forslag om søskenmoderasjon, og det er forslag om å gjere sommar- SFO til ei fast ordning.

Det er og forslag om å innføre eit tillegg for "for sein henting" .

Det blir foreslege at tilbodet blir delt i inntil 15 timar i veka som "halvdagstilbod/deltidstilbod" og inntil 24 timar i veka som "heildagstilbod/heiltidstilbod".

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Forslag til nye vedtekter for SFO blir sendt ut på høyring til FAU, og lagt ut på Skjåk kommune si heimeside.

Høyringsfrist blir satt til 30. november.

### **Hovedutval for helse, oppvekst, omsorg og kultur si behandling av sak 16/2022 i møte den**

**19.10.2022:**

#### **Behandling**

Samrøystes.

#### **Vedtak**

Forslag til nye vedtekter for SFO blir sendt ut på høyring til FAU, og lagt ut på Skjåk kommune si heimeside.

Høyringsfrist blir satt til 30. november.

### **Formannskap si behandling av sak 87/2022 i møte den 15.11.2022:**

#### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga.

#### **Vedtak**

Forslag til nye vedtekter for SFO blir sendt ut på høyring til FAU, og lagt ut på Skjåk kommune si heimeside.

Høyringsfrist blir satt til 30. november.